

Statuttar for samlagsstemnet i feltskyting

Hovudskytinga innleiast med 30 skot for alle klasse, deretter ei eiga finale med 12 skot.
Hovudskytinga blir skote på kjente avstandar.

Finfelten skal ha eit ikkje teljande innskytingshold, med inntil 6 skot på 100 m. Skyttarane skal kunne sjå innskytingsskiva.

Etter hovudskytinga skytast det eit ordinært grunnlag 3 stå, 3 kne og 4 ligg for grovfeltskyttarane. Det skytast på 100 m skive, ukjent avstand.

Innskot på grunnlaget er 20+20=40kr (Arr.avgift + premiering).

Skotverdi: Alle treff innafor svarten tel.

Det skal anvisast treffpunkt på alle hold.

Påmelding

Påmeldinga gjennomførast som ei lukka påmelding og det blir satt opp klassevise lag.

Innskot

PREMIEINNSKOT – ARR.AVGIFT - MEDALJEANDEL

SENIOR/VET 80 – 70 – 40, TOTALT = 190 KR

REK/JUN/EJ 50 – 30 – 20, TOTALT = 100 KR

NU/NV 50 – 30, TOTALT = 80 KR

Lagskyting

Innskot: 250 kr pr. lag.

Samlaget krev inn avgift for lagskyting etter stemnet. Alle skyttarlag som har nok skyttarar til å stille lag er med på skytinga.

Oppsett: R/ER/J, 3-mannslag med minst ein junior.

Veteran, 3-mannslag med skyttarar frå V65/ V73

Senior, 3-mannslag med skyttarar frå 2-5, EJ og V55.

Laget blir automatisk trekt ut med dei 3 beste resultata.

Lagskytinga blir avgjort på den innleiande 30 skot skytinga.

Rangering og premiering

Ved lik poengsum etter endt hovudskyting og/eller finale blir det rangert på innartreff. Er dette likt på hovudskytinga så går rangeringa over til kvar enkelt serie og startar på hold 5, 4, 3, osv. Er det likt etter finaleskyting foretas ein omskyting til vinnaren er kåra.

Samlaget står for premieringa av meisterskapet mens arrangør premierar for hovudskytinga. Det delast ut 3 medalje i alle ungdomsklasser. Ein NAMMO-medalje med diplom og glasvase, mens nr. 2 og 3 blir tildelt DFS sin ungdomsmedalje med feltmerke montert på bandet. NAMMO-medaljen og diplom blir sendt frå skyttarkontoret automatisk mens ungdomsmedaljane må bestillast med skyttarkontoret. Det blir utdelt meisterskapsmedalje i gylt valør til klasse 2, V55, V65 og V73. I klasse 2-5 + EJ og V55 blir det delt ut medalje i tre valører. I tillegg skal vinnar av klasse 2-5 + EJ og V55 få tildelt same type glasvase som ungdommane og meisterskapsnål. Glasvasane bestillast med Orkla Trykk. Arrangøren velje sjølv om det skal delast ut gåvepremiar eller pengepremiar for hovudskytinga.

Resultatservice

Arrangør sender komplette resultatlistar og resultatlistar for lagskyting til samlaget på e-post etter stemnet er avsluttet. Resultata skal leggjast ut på OneDrive'n til samlaget.